



DEN NORSKE KYRKJA Dovre kyrkjelege råd

I Dovre er det om lag 2600 innbyggjarar der dei fleste er medlem i kyrkja. Vi har 3 særegne og ulike kyrkjer og ein kyrkjestab med sokneprest, kantor, kyrkjetenere, sekretær og kyrkjeverge. Dovre og Dombås sokn er tradisjonell folkekyrkje, med stor oppslutning om dei kyrkjelege handlingane. Vår visjon er: «Ei kyrkje for alle - heile livet!». Godt samarbeid med kommunen, barnehager og skuler.

Dovre ligg midt i Norge, omkransa av fjellområda Dovrefjell, Rondane og Jotunheimen. Det ligg godt til rette for aktive liv og fritid, eller berre for å bu i ei lita, roleg fjellbygd. God barnehagedekning og gode tilbod innan grunnskule og vidaregåande opplæring i området.

DIAKON I DOVRE

50 % fast stilling – med fokus på barn og unge

Stillinga kan kombinerast med ledig deltidsstilling innan trusopplæring.

Arbeidsoppgaver

- Diakonen har eit særlig ansvar for kyrkja sitt arbeid for og blant barn og unge.
- Kontakt med barn og ungdom gjennom enkeltsamtaler og ope arrangement.
- Diakonen vil, åleine og saman med andre, skape trygge møteplasser for fellesskap, trusopplæring og gode opplevingar. Samtalegrupper, arbeid i skule og barnehager og babysang er døme på arbeidsform.
- Samhandle med kommunen, lag og organisasjonar.
- Utarbeide og følgje opp diakoniplan.
- Følgje opp frivillige medarbeidere.

Kvalifikasjoner

- Utdanning i samsvar med tenesteordning og kvalifikasjonskrav for diakonar.
- Søkere med relevant erfaring og/eller relevant utdanning kan søke. Tilsetting skjer da med føresetnad om at søkar gjennomfører/avsluttar ein master i diakoni eller annan godkjent utdanning.
- Sjølstendig, strukturert, engasjert og gode samarbeidsevner.
- Gjerne erfaring med bruk av IT-verktøy og sosiale medier.

Vilkår

- Ordna arbeidsforhold, lønn- og arbeidsvilkår etter tariffavtale. Pensjon i KLP.
- Høve til fagleg oppdatering og ABV.
- Diakonen må rekne med noko arbeid på kveld og helg.
- Det er krav om medlemskap i Den norske kyrkja og gyldig politiattest.
- Tilsetting skjer med forbehold om vigsling og at biskopen gjev tenestebrev.
- Det blir teke atterhald om endring i arbeids- og ansvarsområde.

For fleire opplysningar, kontakt kyrkjeverje Elin Marit Andgard (tlf. 481 96 875).

Søknadsfrist 10. august. Send søknad med CV og referansar til Dovre kyrkjelege råd, Kongsvegen 22, 2662 Dovre eller som e-post til ea483@kyrkja.no.